

10.trinn – veke 7 og 8

Frøyland ungdomsskule

Kontaktlærer **10A:** Signe Vartdal Carlsen og Stig Rune Elvedahl

Kontaktlærer **10B:** Dagny Markhus Skretting og Rune Pedersen Bore

Kontaktlærer **10C:** Simon K. Hana og Trude Skodje

Gå inn på: www.minskole.no/fus. Her legg me ut vekeplanar og annan informasjon.

Skulen si e-mail adresse: froyland.ungdomsskule@time.kommune.no

Tlf.nr. 51 77 65 00

	Læringsmål denne perioden:
Norsk	Du skal kunne kjenne att verkemiddel, tema, budskap og motiv i dikt og sangar. Du skal kunne seie noko om form samt kva som kjenneteikner det lyriske språket.
Engelsk	Du skal kunne forstå sentrale hendingar i amerikansk historie, og kunne bruke denne kunnskapen til å beskrive, forklare og reflektere over korleis historia har påverka samfunnet i USA i dag. Me skal sjå filmen "12 years a slave".
Matematikk	Du skal kunne trekkje saman algebraiske brøkuttrykk og rekne med parentesar i algebraiske uttrykk. Du skal kunne faktorisere og multiplisere polynom, og bruke kvadratsetningane i utrekningar og problemløysing.
KRLE	Du skal kunne kjenne til dei tre største kristne trussamfunna: protestantisk, katolsk og ortodoks kristendom.
Samfunnsfag	Du skal forklare kva planøkonomi, marknadsøkonomi og blandingsøkonomi er, og samanlikne dei ved å vise til kjenneteikn, fordelar og ulemper. Du skal kunne forklare kva globalisering og internasjonal handel er, og korleis teknologi og handel påverkar økonomi, arbeidsliv og levekår i Noreg og i verda.
Naturfag	Du skal kunne forklare ph- skalaen. Du skal kunne forklare hva som kjenneteiknar sure og basiske løysingar, samt korleis dette kan påverke miljøet.
Tysk	Du skal kjenne til og utforske kjende reisemål i Tyskland, Østerrike og Sveits. Du skal kunne bruke vekselpreposisjonane rett. Du skal lage ei reiseforteljing frå ei tenkt reise i eit av dei tyskspråklege landa.
Engelsk fdj.	Du skal kunne hente ut informasjon frå ulike tekstar og medium og bruke informasjonen i eigen tekstproduksjon samt til munnlege oppgåver.
Arbeidslivsfag	Du skal kunne ta initiativ i bedrifta og vere med på å utvikle denne gjennom å bidra aktivt. Du skal føre logg over arbeidet ditt, munnleg eller skriftleg, og dokumentere med bilete og/eller video.
Kroppsøving	Du skal øve på fair play og å gjere andre gode ved å bruke eigne ferdigheiter på ein positiv måte. Du skal øve på kroppslig bevegelse gjennom innebandy og basketball, med fokus på teknikk, ferdigheiter og lagspel.
Musikk	Du skal kunna planleggjaplanleggje og gjennomføragjennomføre ein øvingsprosess for å lære eit sjølvvalt instrument/song/dans.
K & H	Du skal kunne tre ei symaskin og klyppe ut delane til bamseoppgåva i rett målestokk.
Olweus	Du skal kunne lage ferdig anti-mobbekampanjen retta mot elevar på 4.-7. trinn.

Diverse	Vitenfabrikken i Sandnes Gjennom opplegget skal me innom 3 ulike postar: • Planatariet - sjå på universet og korleis jorda står i samanheng med resten. • Grunnkurs i elektronikk og korleis elektriske kretsar fungerer • Eiga utforsking av museet.
	Aktivitetsdag i Kvernhallen Fredag 20. februar, siste dag før vinterferien, skal me vere i Kvernhallen heile dagen. Det blir kampar i innebandy og basketball, der klassane speler mot kvarandre. Nokre elevar er i tillegg dommarar når dei ikkje speler. Lærarane stiller sjølvstendig også med lag og speler mot 10.trinn. Det blir sal av mat så du kan ta med kantinekort/kontantar.
	Dagstur til Sirdal 12.mars Me er i gang med å planleggje ein dagstur til Sirdal i veke 11. Me skal køyre buss, og elevane kan anten gå på langrenn eller vere i skitrekket. Å stå slalom kostar pengar (260,- for dagskort og 260,- viss du må leiga ski der oppe), medan langrenn ikkje kostar noko (me satsar på å låne frå Frilager viss me treng langrennski til nokon). Me må betale alt på førehand, og me vil difor sende ut påmeldingsskjema til klassane før vinterferien.
	<u>Veke 7</u> Måndag 9.februar: Besøk frå Jæren Sparebank – personleg økonomi. Tysdag 10.februar: Vurdering i matematikk – algebra i 1. og 2. time. Ha med: Blyant, penn, linjal, kalkulator og andre aktuelle hjelpemiddel. Onsdag 11.februar: Vitenfabrikken – me sykklar frå skulen 08:00 . Sjekk sykkel tidleg, og ver klar. Hugs hjelm, gode klede og matpakke.
	<u>Veke 8</u> Onsdag 18. februar: Vurdering i samfunnsfag (1.time) Torsdag 19. februar: Arbeidslivsfag på besøk hos Trevig (5. og 6. time). Hugs sykkel og hjelm. Fredag 20.februar: Idrettsdag i Kvernhallen
	Veke 9: V I N T E R F E R I E

Heimearbeid veke 7	
Måndag 9	
Tysdag 10	Matematikk: Vurdering i algebra. Ha med blyant, penn, linjal, kalkulator og andre aktuelle hjelpemiddel. Målark ligg på OneNote - ditt namn - heimearbeid.
Onsdag 11	Besøk til Vitenfabrikken: Me sykklar til Vitenfabrikken i Sandnes. Her skal me gjennom 3 ulike aktivitetar og de blir delt i ulike grupper. Hugs niste.
Torsdag 12	Norsk: Sjå One Note i heimearbeid v. 7 – du må ha med deg leseboka di heim.

Fredag 13	Tysk: Gjer heimearbeid v.7 på OneNote.
	Naturfag: Fullfør OneNote oppgåvene dine i temaet berekraft og miljø. Samfunnsfag: Gjer heimearbeid v. 7 om plan-, marknads- og blandingøkonomi på OneNote.
Heimearbeid veke 8	
Måndag 16	
Tysdag 17	Naturfag: Ta med noko du vil teste pH- verdien på (i væskeform)
Onsdag 18	Samfunnsfag: Øv på vurdering (Forms). Kap 1 - Velferd for alle, Kap 2 - Økonomi og samfunn og Kap 3 - Ei samanvevd verd. Bruk målarket som ligg på OneNote-innhaldsbibliotek - vurdering.
Torsdag 19	Norsk: Sjå One Note i heimearbeid v.7 – du må ha med deg leseboka di heim. Tysk: Gjer heimearbeid v. 8 på OneNote.
Fredag 20	Idrettsdag i Kvernhallen – basket og innebandy😊